

Vedlegg RS 108/18

Årsmelding Austefjord grendautval 2017

Styret for Austefjord grendautval har denne perioden vore:

Leiar: Lise Ekros

Nestleiar: Astrid Gjersdal

Sekretær: Beate Nes

Kasserar: Kjell Hamre

Styremedlem: Kjell Rune Førde

Vara: Maria Sundal

Styret har hatt 5 styremøte i 2017).

Grendautvalet har også vert vertskap for 1 folkemøte i 2017 (Breiband)

Styret har jobba med desse sakene:

- Kulturminner i Austefjorden
- Reklamefolder for Austefjorden
- Breiband, kartlegging
- Julegrantenning i Austefjorden
- Samarbeid med NRK om sending frå Austefjorden.

I tillegg har representantar for grendautvalet delteke på møte om Austefjordhelg, kulturminner i Austefjorden og deltatt på NRK Møre og Romsdal sin radiosending frå Paddeland i Austefjorden 3. mai 2017 og gjennomført TV-aksjonen i Austefjorden

14.06.2018

For grendautvalet

Beate Nes

Stad skipstunnel og KS2

Den siste kvalitetssikringa (KS2) av Stad skipstunnel har store manglar og har utelate viktige nytteeffektar av tunnelen. Viktige positive nytteeffektar som verdien av overført trafikk frå veg til sjø, auka tryggleik, positiv effekt for fiskerinæringa, næringseffekt som resultat av betre kommunikasjon (hurtigbåt) og auka utanlandsk turisme er ikkje prissett eller nemnt i det heile tatt i KS2. Stad skipstunnel er eit unikt og banebrytande prosjekt og ein har difor ingen samanliknbare prosjekt eller samfunnsøkonomiske modellar som er tilpassa ein skipstunnel.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for næringslivet langs kysten, og ei rekkje næringslivsaktørar og vestlandsfylka har difor støtta og prioritert prosjektet i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018-2029). For næringslivet vil Stad skipstunnel vere ei sikring av leveransar, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal fraktast forbi Stad held seg god. Det er mykje nasjonal og internasjonal næringsrelatert trafikk rundt Stad, bl.a. innan fiskeri og havbruk, maritim industri, bergverk og turisme.

Meir gods frå veg til sjø – og hurtigbåtrute

Ei tryggare og meir effektiv segling rundt Stad vil legge til rette for at meir gods kan transporterast sjøvegen, og ein kan etablere ei hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund. Ei slik hurtigbåtrute vil knyte saman Vestlandet og kysten vår på ein heilt ny måte og opne opp for ein større bu- og arbeidsmarknadsregion frå Ålesund, via den maritime klynga på Søre Sunnmøre, til Måløy/Florø. Hurtigbåttrafikk og auka arbeidsmarknadsintegrering er heilt utelate i KS2, trass i at vestlandsfylka har gjort vedtak om at dei skal utgreie hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund.

Auka skipstrafikk

Skipstrafikken skal auke med 41 % fram mot 2040 (analyse frå Samferdselsdepartementet 2014). Vestlandskysten har den mest omfattande skipstrafikken og Stadhavet er ei av dei mest utsette strekningane langs kysten. Med skipstunnelen får ein sikrare passasjertrafikk også for mindre cruiseskip, hurtigbåt og kystrute. I tillegg opnar det opp for småbåtturisme, som i dag vert avgrensa av vêrtilhøva ved Stad. Eit forlis ved Stad vil fort kunne få svært dramatiske konsekvensar. Medrekna oljeforureining, tap av menneskeliv, materielle tap og vrakberging kan eit forlis påføre samfunnet større kostnader enn den faktiske prisen med å bygge skipstunnelen. I tillegg vil både bergingsaksjonar og oljevern vere særskild utfordrande i dette området.

Stad skipstunnel vil auke fiskeri- og havbruksnæringa si konkurranseevne

Stadhavet er eit kritisk passeringsspunkt for fiskebåtar, brønnbåtar, fôrtransport og andre typar varefrakt. Ugunstige vêrtilhøve fører ofte til at fiskebåtar ikkje kan passere Stad for å levere fangst. Det medfører færre aktuelle leveringsstadar, dårlegare prisar og kvalitetsforringing av fangsten. Stad skipstunnel vil dessutan opne for nye transportløyningar for fersk sjømat med hurtiggåande båtar som vil vere konkurransedyktige samanlikna med transportmetodar nytta i dag.

Auka internasjonal turisme

Stad skipstunnel blir den første skipstunnelen i verda, og det er stor internasjonal merksemd rundt dette prosjektet allereie. I tillegg til å ha ein verdi i seg sjølv vil tunnelen også ha store ringverknader, ved at den knyt saman mange reisemål og attraksjonar. Stad skipstunnel kan bli ein attraksjon i verdsklasse, men auka internasjonal turisme er ikkje nemnt med eitt ord i KS2.

Vår kommune forventar at planane om bygging av Stad skipstunnel i Nasjonal transportplan blir gjennomført med byggestart seinast i 2021, i tråd med Kystverket sin handlingsplan.